



**Fyresdal kommune**  
**Sektor for plan og teknikk**

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

## Melding om vedtak

**Dykkar ref:**  
«REF»

**Vår ref**  
2011/655-5

**Saksbeh:**  
Einar Mikkelsen, 35067132  
einar.mikkelsen@fyresdal.kommune.no

**Arkivkode:**  
L12

**Dato:**  
06.07.2011

### Søknad om dispensasjon frå kommuneplan for å bygge veg gbnr 92/2

Syner til vedlagte særutskrift/vedtak.

*Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen brevet kom fram til den påførte adressaten. Det er tilstrekkeleg at klaga er postlagt innan fristen.*

*Klaga skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket, syne til vedtaket det blir klaga over, den eller dei endringar som er ynskjelege, og dei vilkåra du vil klage over. Dersom du klagar så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, blir du beden om å oppgi når denne meldinga kjem fram.*

Med helsing

Einar Mikkelsen  
Senioringeniør



## Fyresdal kommune

Arkiv: L12  
 Saksmappe: 2011/655-3  
 Saksbeh.: Einar Mikkelsen  
 Dato: 13.06.2011

### Saksframlegg

#### Søknad om dispensasjon frå kommuneplan for å bygge veg gnr/bnr 92/2

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	50/11	16.06.2011

**Endeleg vedtaksrett i saka har:** Formannskapet

**Dokument i saka:** Søknad frå Ellen og Tore Lervik  
 Brev frå Tone Therese Rinden

**Vedlegg:** Søknad frå Ellen og Tore Lervik  
 Brev frå Tone Therese Rinden

**Bakgrunn for saka:** Ellen og Tore Lervik eig fritidseigedomen Fossum gnr/bnr 92/2. Eigedomen ligg i Hauggrend nede ved Skredvatn, eksisterande hytte ligg ute på ein tange om lag 15m frå vatnet. Dei ynskjer no å bygge veg fram til hytta, det er lagt ved eit kart med 4 alternative trasear. Det er tinglyst rett til å bygge veg over Haugland, gnr/bnr 92/21. Tone Therese Rinden, eigar av Haugland, seier i brev til kommunen at ho ikkje ynskjer denne vegen, då det vil vere til ulempe for eigedomen hennar.

#### Vurdering:

*Spørsmålet/saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2011 - 2014/bevisst oppfylging av kommuneplanen sin arealdel i dagleg sakshandsaming.*

Det er synt til at det er tinglyst rett til å bygge veg over naboeigedomen Haugland, gnr/bnr 92/21, denne er opphavleg tinglyst 28.10.1972 og er vidareført i noverande skøyte på eigedomen. Lervik seier at dei ynskjer å bygge veg då dei no er i en alder då det er naudsynt å ha lettare adkomst om dei skal kunne bruke hytta i åra framover. Det er i kartvedlegg synt 4 ulike alternativ til veg, lengda av vegen er om lag 400m med ein høgdeforskjell på om lag 30m. Eigaren av Haugland, Tone Therese Rinden seier i sitt brev at vegen det er søkt om vil dele eigedomen i to, noko som vil skape ulempe ved tømmer/vedhogst. I tillegg må dei hogge mykje av skogen dei ikkje ynskjer å hogge no for å føre fram vegen. I tillegg ulempe ved trafikk gjennom tunet.

Bygging av veg er eit søknadspliktig tiltak etter pbl 1-6 og pbl 20-1 pkt I. Der det ikkje er sett krav til reguleringsplan skal kommuneplanen sin arealdel fylgjas ved søknad om tiltak. Slike tiltak må ikkje være i strid med arealbruk eller føresegner gitt i kommuneplanen sin arealdel, jf pbl §11-6. I dette høvet ligg eigedomane i LNF-område i kommuneplanen sin arealdel, det kan her ikkje gjevast løyve til anna tiltak enn dei som er knytt til stadbunden næring. Då denne vegen det er søkt om ikkje kan seiast å gå inn under stadbunden næring må det vurderast om det kan gjevast dispensasjon etter pbl kapittel 19. Etter §19-1 skal regionale og statlege etatar varslast og få uttale seg om dispensasjon vert gjeve. Dette er ikkje gjort no på førehand og må i så fall gjerast i

ettertid om formannskapet vel å dispensere. Etter §19-2 skal dispensasjon ikkje gjevast om omsyna bak planen vert sett vesentleg til sides. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ein samla vurdering.

Det er i søknaden peikt på at dei har tinglyst rett til å bygge veg. Sjølv om dei har tinglyst vegrett må det i tillegg gjevast dispensasjon i LNF-område før veg kan byggast. Dei peiker på at dei no er i ein alder der det er naudsynt med lettare adkomst til hytta. Alder og helse er normalt ikkje noko som ikkje skal ha avgjerande vekt ved vurdering av dispensasjonar, jf Fylkesmannen i Telemark sitt rundskriv om dispensasjonar etter pbl.

Hytta ligg og tett ved Skredvatn som i noverande arealdel har byggjeforbodssone på 100m frå Skredvatn, store deler av denne vegen vil då ligge innafor denne sona då vegen er tenkt ført heilt fram til hytta.

I høve til ålmenta vil ein slik veg kunne ha ein privatiserande verknad på omgjevnadane då føremålet berre vil være adkomst til denne eine hytta. I høve til presedens har rådmannen ikkje oversyn om det er fleire fritidseigedomar som har tilsvarande vegrett.

### **Konklusjon:**

Rådmannen kan ikkje sjå at det i dette høvet er overvekt av fordelar framfor ulemper ved ein dispensasjon etter pbl §19-2.

### **Innstilling frå rådmannen:**

1. Det ligg ikkje føre gode nok grunnar til å kunne dispensere etter pbl §19-2, det er ikkje her klar overvekt av fordelar framfor ulemper slik det er krav om.
2. Med heimel i pbl §11-6 vert det ikkje tillete å bygge veg fram til eigedomen Fossum, gnr/bnr 92/2

### **Handsaming i Formannskapet - 16.06.2011**

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

### **Vedtak i Formannskapet - 16.06.2011**

1. Det ligg ikkje føre gode nok grunnar til å kunne dispensere etter pbl §19-2, det er ikkje her klar overvekt av fordelar framfor ulemper slik det er krav om.
2. Med heimel i pbl §11-6 vert det ikkje tillete å bygge veg fram til eigedomen Fossum, gnr/bnr 92/2

Ketil O. Kiland	
rådmann	Einar Mikkelsen
	Senioringeniør